

Saksbehandlar: Arvid Stenehjelm, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 17/1284-1

Stamina Helse - Årsmelding for 2016

Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet til å gjere slikt vedtak:

Hovudsamarbeidsutvalet tek årsmeldinga frå bedriftshelsetenesta til vitande.

Vedlegg: Årsmelding for 2016 – Sogn og Fjordane fylkeskommune

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag


Årsmeldinga frå Stamina Helse, bedriftshelseteneste for Sogn og Fjordane fylkeskommune gir oversikt over leverte tenester fylkeskommune i 2016. Årsmeldinga gir informasjon om kven som har vore kundeansvarleg, og kva rådgjevarar som har bidrege på dei ulike fagfelt, og skildrar gir ei overordna skildring av aktiviteten som har vore.

Tenesta skal dekkje verksemda sine behov for HMS-oppfølging og bistand etter Arbeidsmiljølovas § 3-3, Forskrift om organisering, leing og medverknad kapittel 13, og Forskrift om systematisk HMS-arbeid § 5. Rapportar/notat som skildrar utførte oppdrag er sendt over etter kvart i året som er gått.

Kundeansvarleg i 2016 har vore Arnhild Melve. Totalt er det levert 1379 tenestetimar for ein samla verdi av kr. 1 584 389. Tabellen under syner tenesteleveransen i timar fordelt på overordna tenestekområder.

Tenestekategori / Teneste	Sum timer	% av totalt
Sjukefråværsarbeid	34,00	2.5
Systematisk HMS arbeid	613,25	44.5
Arbeidshelse	140,50	10.2
Ergonomi	105,75	7.7
Psykososialt arbeidsmiljø	225,00	16.3
Fysisk, kjemisk og biologisk am.	200,92	14.6
Livsstil	14,00	1.0
Undervisning og kurs	11,00	0.8
Planlegging og tilrettelegging	2,00	0.1
Census (MTM)	32,00	2.3
Totalt	1 378,42	100.0

Tabell 1) Timeleveransar 2016 – Stamina Helse/Census



Grafikk 1) Timeleveransar 2016 – Stamina Helse/Census

Den grafiske framstillinga over syner at bistand frå bedriftshelsetenesta er desidert størst på området systematiske helse-, miljø og tryggleiksarbeid.

2. Konklusjon

Årsmeldinga gir også føringar/ råd for vidare satsing for 2017. Tenesta jobbar alltid for å rettleie ut frå lover og forskrift, og på den måten bidra til at lovpålagte risikovurderingar og kartleggingar/målingar vert utført funksjonelt og hensiktsmessig.